



Til
Kunnskapsdepartementet

NOREGS MÅLLAG

POST: Pb. 474 Sentrum, 0105 OSLO
KONTOR: Schweigaardsgt. 16
ORG.NR NO: 970 205 942 MVA
TLF: 23 00 29 30 | FAKS: 23 00 29 31
nm@nm.no | www.nm.no

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Dato:

045/12-521 GME

29. november 2012

HØYRINGSSVAR TIL FORSKRIFTER OM RAMMEPLAN FOR LÆRARUTDANNING TRINN 8 - 13

Det overordna perspektivet for Noregs Mållag er at alle lærarar, same kva årssteg eller type skule dei skal arbeida på, vert sikra god nok kompetanse til å undervisa i og på nynorsk, i så vel hovudmål som sidemål (norskfaget) og i alle andre fag.

Merknadene våre er fyrst og fremst retta mot framlegget til forskrifter for praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag trinn 8-13 og 5-årig integrert lektorutdanning.

HOVUDSYNSPUNKT: FORSKRIFTA MÅ SIKRA GOD NOK KOMPETANSE I NYNORSK FOR ALLE LÆRARSTUDENTAR

Det er (minst) 23 lærestader som tilbyd ei eller anna form for lærar og/eller lektorutdanning i Noreg. Noregs Mållag har kontakta desse for å høyra korleis dei sikrar at alle kandidatane får god kompetanse i nynorsk.

Det gjennomgåande svaret frå mest alle lærestadene er at

- ♦ dei ikkje tilbyd særskild opplæring i nynorsk
- ♦ dei meiner studentane har dokumentert god nok kompetanse frå grunnskule og vgs
- ♦ studentane må dokumentera kompetansen sin gjennom å skriva obligatoriske prøver/eksamen på nynorsk (NB! Ikkje i nynorsk).

Med unnatak av Høgskolen i Nord-Trøndelag (HINT), som har obligatorisk kurs i nynorsk, viser dei fleste lærestadene til at eventuell læring og vurdering i nynorsk skjer gjennom den generelle skriveopplæringa.

Noregs Mållag har sidan 2004 halde over 20 kurs i nynorsk/nynorsk didaktikk for over 2000 studentar. Bakgrunnen for desse kursa er at institusjonane sjølve spør oss om å halda kursa, *fordi studentane sjølve fortel at dei manglar elementær kompetanse* i nynorsk – og dermed bed lærestaden om å gje studentane særskild nynorskopplæring.

Jamvel om det ikkje finst eigen dokumentasjon over grunnlaget for stryk til eksamen i norsk på lærarutdanninga, er det ei generell oppfatning på lærestadene at studentane som stryk til norskeksamen, stryk på grunn av for dårleg kompetanse i nynorsk.

Noregs Mållag meiner forskrifta lyt ha med eit eige punkt om å sikra kompetanse i både bokmål og nynorsk hjå alle lærarstudentar. Ei slik forskrift kan sikra at lærestadene gjev særskild opplæring i og om nynorsk (og bokmål).

Formuleringa kan gjerne lånast frå Nasjonal forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning, vedteken i juni 2012:

Kandidaten mestrer norsk språk, både bokmål og nynorsk, på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.

eller den nesten likelydande formuleringa frå Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn:

Kandidaten mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng.

ANDRE MERKNADER:

GRUNNLEGGJANDE DUGLEIKAR I ALLE FAG

Ein kjerne i Kunnskapsløftet var omgrepet *grunnleggjande kompetanse*. Dette gjeld særleg kompetansen i lesing og skiving, ein kompetanse som skal syna seg på tvers av alle fag, dvs at *opplæringa i grunnleggjande dugleikar som lesing og skiving skjer i mest alle fag i skulen*.

I framlegget til nye forskrifter er det *ikkje* mål knytte til grunnleggjande dugleikar eller til å kunne skrive eige morsmål. Det er heller ikkje med noko om norskkompetanse hjå kandidatane. I forskrifta for lærarutdanningane for 1-7 og 5- 10 står det dette om kandidaten (studenten):

- ♦ kan tilretteleggje for progresjon i dei grunnleggjande dugleikane tilpassa elevar på 1-7/5-10. steg
- ♦ meistrar norsk munnleg, norsk skriftleg både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanheng

Nemnda som har laga framlegget for forskrifter til 8-13, har grunngjeve kvifor dei ikkje ynskjer å ha med dei grunnleggjande dugleikane i forskrifta (frå "Rapport om utvalsarbeidet", s 30):

"Grunnleggjande ferdigheter er ikkje nevnt spesifikt i utbyttebeskrivelsene: Dette fordi utvalget mener at forståelse og fortolkning av gjeldende læreplan forutsetter kunnskap om dette. Dersom læreplanen skulle endres og et annet begrep enn grunnleggjande ferdigheter skulle benyttes, vil punktet om læreplan fortsatt være gjeldende og dekkende for en eventuelt ny læreplan med nye begreper. Utvalget har derfor forsøkt å la utbyttebeskrivelsene være såpass overordnede at de kan bli stående over lengre tid".

"Utvalget har ikke tatt inn et punkt om norskkompetanse hos kandidatene. Utvalget mener dette er dekt av opptaksreglementet. Ettersom studentene på denne utdanningen ikke nødvendigvis har norsk som fag kan de heller ikke måles på det i andre fag. Utbyttebeskrivelsene som omhandler evne til formidling, relasjonsbygging og kommunikasjon forutsetter imidlertid gode ferdigheter og kunnskaper i norsk språk, og det vil være mulig å si at studenter med for dårlige kunnskaper og ferdigheter i norsk ikke oppnår disse læringsutbyttene, både i fag, profesjonsfag og praksis" (s. 31)

Denne argumentasjonen føreset at studentane har fått fullgod opplæring i norsk på vidaregåande skule og at det difor ikkje trengst noka særskild norskopplæring (unnateke dei som tek norsk).

Mållaget meiner det finst mange døme på at dette ikkje er tilfelle, og at det er lett å etterprøva korleis stoda er.

Å meina at studentane ikkje kan målast i språk i andre fag enn norsk samsvarer også dårleg med den berande tanken om grunnleggjande ferdigheiter i lesing og skriving frå Kunnskapsløftet om at "alle lærarar er norsklærarar".

Mållaget oppmodar Kunnskapsdepartementet om å gjennomføra ei kartlegging av studentane for å få dokumentert norskkompetansen dei har, særleg i nynorsk. Kartlegginga vil vera eit godt grunnlag for vurdering av kva behov som finst for opplæring i nynorsk. Den kompetansen skal ikkje berre brukast på skular der nynorsk er sidemål. Det vil ikkje minst vera viktig for dei som skal arbeida ved nynorsk skular. Eit av dei tydelegast formulerte måla med revisjonen av læreplanane i norsk denne hausten, er å styrkja nynorsk som hovudmål. Skal nynorskelevane få lærarar som er kompetente til å oppnå den målsetnaden, er det heilt avgjerande at alle lærarar, uavhengig av fagkombinasjonar, er stødige og trygge nynorskbrukarar.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Gro Morken Endresen
dagleg leiar